

Nr 11 | Mai 2021 | årg. 6

Kundemagasin

Side 3

Frosne rør - til besvær!

- Ein ekstra kald vinter førte til ugreie for fleire

Side 6-7

Forma av vatn

- Vatn kan brukast som sag, til og med gjennom stål!

Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Å sjå det store bildet...

Det er med vatn og avløp som med mykje anna; at når me ikkje tenkjer over det betyr det at det fungerer.

Det var motsett oppleving mange erfarte i vinter då vatnet deira fraus. Fortviling og maktesløysa i kvardagen når springen og dusjen ikkje leverer varene. Jo meir stabilt me ven oss til at det er, dess lettare er det å gløyma å gjera dei små tinga som trengs for å unngå at det skjer.

I dette nummeret av Friskt tar me for oss ulike sider av vatn og avløp. Korleis me treng vatnet og nyttar det på svært ulikt vis. Frå den daglege hushaldsbruken, hygiene, mat og drikke til næringslivet sitt meir spesielle bruk. - Og korleis handtering av avløp er viktig for miljøet rundt oss.

Planlegging for mange år

No reviderer me hovudplan for vatn og avløp. Den er nettopp det verktøyet me har til rådvelde for å tenka klokt og framtidretta. Slik at investeringane me gjer blir rette og at alle delane av den samfunnsutviklinga me ynskjer, heng i hop. Det gjeld både private behov som skal stettast, næringslivet sine behov i skaping av verdiar og arbeidsplassar og ikkje minst korleis me skal sikra liv, helse

og miljø i vår eigen kommune.

Så handlar det også om at strategi for og investeringar i framtidig infrastruktur for vatn og avløp skal vera fornuftige og berekraftige. Dei skal tross alt treffa behova fleire tiår fram i tid - og til ein kostnad me kan bera.

Det store bildet

Å revidera ein omfattande plan betyr på ny å sy saman ein god, praktisk plan basert på innspel frå næringsliv og private. Samstundes skal dette gå ilag med kommunen sine behov og andre planar,

ikkje minst den overordna kommuneplanen med arealdel. Altså ein del av eit større bilde som til saman skal fungera godt.

Me ser fram til arbeidet med innspel og medverknad til hovudplanen. Det er positivt at det no har kome mange innspel til planen. Vårt mål er å få til ein plan som utan å vera for omfattande blir eit godt styringsverktøy for dei neste åra.

Audun Halleraker,
dagleg leiar

«Det er positivt at det no har kome mange innspel til planen.»



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: SYNLEGG
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsdebilde:

Travle dagar i vinter for mellom andre Jan Marvin Vika då vatnet fraus mange stader. Medisinen er som regel stiming av røyrane med dette apparatet.



Frosne røyr - til besvær!

Driftsoperatør Jan Marvin Vika viser utstyret dei brukar for å tina opp frosne røyr.

Våren er komen og me har lagt det bak oss. Men den ekstra kalde vinteren me hadde i år førte til ein god del frosne røyr. Det skapte ugreie hos mange rundt om på Bømlo, nokon var opp mot ei veke utan vatn!

— I vinter hadde me nokre hektiske veker i januar og februar med svært kaldt vèr. Telefonen ringte i eitt kjø og folk var fortvila over å ha mista vatnet, fortel Jarle Andreassen, driftsleiar i BVA.

Ei ulykke kjem sjeldan åleine

— Det er den same kulden som rammar oss alle. Dei røyra som er utsette frys som regel på same tida, fortset Andreassen. — Det betyr at alle som treng hjelp treng det samtidig, med følgjande kapasitetsproblem for røyrleggjarar og andre som kan gjer noko med problemet. I vinter var det opp i eit par veker ventetid for å få røyrleggjar.

Hjelper når me kan

— «Me har ikkje vatn» seier dei som ringer oss, fortel Andreassen, og lurar på om me har stengt det. — Då må me avklara

om det er arbeid eller andre grunnar til at me har stengt vatnet. Er det ikkje det, må me sjekka om noko er feil på vårt leidningsnett.

Ansvar, forsikring og skade

Dersom det viser seg at det har frosne på stikkleidninga, den som går inn til huset frå hovudleidninga ber me folk om å ta kontakt med røyrleggjar. BVA har ansvar for hovudvassleidningane medan huseigar har sjølv ansvar for stikkleidningane, inkludert tilkoblinga.

— Me rår elles folk til å ta kontakt med forsikringsselskapet sitt om ein kjem bort i situasjonar med frosne røyr. Dei kan fortelja kva som eventuelt er dekkja, det er avhengig av kva forsikring ein har. Om ein til dømes kan få dekkja kostnader med tining og eventuelle skadar.

«Røyra frys som regel på same tida - det skaper ekstra utfordringar»

Jarle Andreassen
Driftsleiar

Forebygging er lønnsamt

Kva kan ein gjera for å unngå at det frys? I nye hus blir det vanlegvis sørga for at røyr ligg frostsikkert

plassert. Elles er ei relativt rimeleg løysing i både nye og gamle hus ein varmekabel i stikkleidning inn til huset. Litt straum på når det er ekstra kaldt kan

hindra frosne røyr.

Avløp frys sjeldan

— Det er ikkje same problematikken når det gjeld avløp sidan avløpsrøyra vanlegvis ikkje er fulle av væske, seier Andreassen. — Unnataket, og der me ser det av og til frys, er dei som har trykkavløp og kloakkpumpe. Her blir kloakken pumpa oppover og dermed står det kloakk som kan frysja i avløpsrøyr.

Frosttapping er ikkje lov

Desverre ser me at ein del framleis «løyser» problemet med å la det renna litt vatn frå ein spring for å unngå at det frys i røyr. Ikkje gjer det, oppfordrar Andreassen til slutt, det er i realiteten ein lekkasje og kan skapa problem for vassforsyninga.



Det er fleire måtar å unngå frosne røyr, men frosttapping er ikkje mellom dei. Det er faktisk ulovleg.

Foto: SYNLEG | Mågne Raknes



Kaféén med lokal mat, og godt Bømlavatn!

Benn Harry Torget vaks opp på Bømlo. Etter fleire tiår som kokk i Oslo var det fleire faktorar som gjorde at han ønska seg tilbake til Bømlo. Så fekk han eit tips.

— Eg hadde budd i Oslo og arbeidd i Kirkens Bymisjon som kokk i 17 år. Dessutan var mor mi blitt gamal og ikkje så helsig, så eg ønskte å flytta heimover for å vera litt nærare, fortel Benn Harry. — Då eg hadde tenkt på dette litt, fekk eg eit tips om at det var lyst ut etter nokon som kunne driva kafé i kulturhuset. — Etter kvart forma konseptet seg ut, og det fekk namnet Gaffel & Vaffel. Me ville servera heimalaga mat med lokale oppskrifter, frå botnen av.

Vaffel-logo

Korleis blei den stilige logoen til, spør me? — Eg hadde sett ein gaffel der skaftet var forma som eit hjarta,

fortel Benn Harry. — Så tok eg kontakt med Ida Kristine Hatleskog, som jobber i Melvær&Co i Stavanger, men som har vore mykje på familiehytta på Bømlo - og som er veldig glad i øya! Ho arbeidde fram logoen slik han ser ut i dag, der gaflane formar hjarta og tindane blir vaffelmønsteret. Me er svært nøgde med både namn og logo, smiler han.

Bror & søster

— Det var både naturleg, kjekt og ikkje minst nødvendig å ha med seg ein god

koronapandemien har skapt for oss har det vore avgjerande for å få det til å henga ihop, fortel Benn Harry. Han er tilbake i Oslo for å jobba i ein periode, men håper på at det etter kvart opnar opp, også her heima. — Me hadde endeleg fått overskot og følte me var innarbeidd då pandemien og nedstenginga kom. Det tar jo alltid tid å opparbeida ein slik kafé, og me har no fått ein god stamgjestebase.

Bømlavatnet er topp!

— Det er fantastisk å kunna tappa friskt,

«Namnet vårt var ein idé eg fekk då eg planla oppstart av kafé her heima på Bømlo»

Benn Harry Torget
kaféinnehavar



arbeidspartnar. Irén og eg arbeider godt ilag, og i samband med utfordringane

Dei populære vaflene er laga etter mamma Solveig si oppskrift. Det er kjekt å æra henne på denne måten, seier søskenparet.

Irén sin lasagne er eit fast, velsmakande innslag på Gaffel & Vaffel, med vakker utsikt til Storavatnet som tilbehør. Ho syns det er stas at hennar lasagne er så populær blandt gjestane på kaféén.



Gaffel & Vaffel
• kulturhuscaféén •

kaldt Bømlavatn rett på flasker og servera gjestane. Det er ikkje alle stader ein kan gjera det. Benn Harry seier at stabilt og godt vatn er heilt livsnødvendig når ein driv matserving. — Det handlar om alt frå hygiene, vasking, matlaging og som nemnd, drikke.

Biblioteket er eit pluss

— Det er kjekt at biblioteket er kome inn i huset, seier Benn Harry Torget. — I og med at me har vore inne i pandemien sidan det opna er det ikkje så lett å måla effekten for oss, men det er ein større heilskap over tilbodet på huset, seier han. Det kjem meir folk inn og me har eit godt, samla tilbod for gjestane.

— Framtida? Jo, me er optimistar me. Ligg nok i oss, men det er teikn som tyder på at det vil gå rette vegen når det no opnar opp. Me kryssar fingrane og løfter tomlane, dette går bra! — Og lesarane er sjølsagt velkomne innom for ein god matbit eller kaffi, smiler han til slutt.



Gode poteter har om lag like mykje vatn som godfolk elles. Poteter har vore ei svært viktig kjelde til energi for nordmenn i hundrevis av år. No er poteta litt på retrett her hos oss.

Kva har du og eg felles med potetene?

I tillegg til at me som poteta kan brukast til mest kva som helst, er me også om lag like saftige! Eller sagt på ein meir seriøs måte; me inneheld om lag same prosentvise del vatn.

Kroppen vår inneheld mellom 50 og 75 prosent vatn. Og me kan ikkje lagra vatn i kroppen, så det betyr at me har eit grunnleggjande behov for vatn. Utan mat kan me klara oss i fleire veker, men utan vatn berre nokre få dagar.

Basis for livsviktige funksjonar

Vatn utgjer basis i blodet, fordøyelses-safter, svette, og det blir oppbevart i musklar, fett og bein. Blant anna regulerer vatn kroppstemperaturen gjennom sveitjing, det smører ledda, bidrar til betre fordøyelse, og det fraktar næring og oksygen til cellene våre.

I og med at kroppen ikkje kan lagra vatn treng me påfyll kvar dag for å erstatta væsketapet me har frå lunger, hud, urin

og avføring. Mengda me treng avheng av forbrenning, kor store me er, klimaet me oppheld oss i, maten me et og aktivitetsnivået me har.

Nærare åtti prosent av væskebehovet dekker me vanlegvis gjennom drikke, dei siste tjuve gjennom maten me et.

Kor mykje væske treng me?

EFSA (European Food Safety Authority) sitt råd er to liter om dagen for kvinner og to og ein halv for menn, anten ein er ung eller gamal. Ammande kvinner eit par desiliter meir enn menn og born frå om lag ein til 2 liter om dagen etter kor gamle dei er.

Aktivitet og klima er altså viktige årsaker til at ein gjerne bør auka inntaket av væske.



Foto: Shutterstock



Visste du at vass-strålar blir nytta til å skjera metalldelar med stor presisjon? - Inni Zinus sine landstramsanlegg er det både elektriske kablar, kontaktar, elektronikk og mekanikk. Ståle Stavland kan fortelja at nokre av dei mekaniske delane er skorne ut med hjelp av vass-strålar.

FORMA AV VATN

Ikkje akkurat mjuk, lindrande dusj

Me tenkjer vel stort sett at vatn er mjukt og godt, særleg når me står i dusjen og lar det sildra og lindra trøytt musklar. - Men så kjem me kanskje på ein gong me stod i ein dusj der ein irriterande stråle var så skarp at det sveid! - Og då er me ved kjernen av teknologien.

Vass-stråleskjæring

For skjæring med vassstråle er ein metode der verktøyet er ein vassstråle med ekstremt høg fart. Med den kan ein skjæra ut og bearbeida materialar som mellom anna kan nyttast i mekaniske maskiner.

- Den 0,73 mm tynne vass-strålen blir pressa ut gjennom ei dyse under svært høgt trykk, kan Geir Magne Jansen hos Skeisvoll & Co. fortelja. Dei er ein industrileverandør på Karmøy som også leverer produkt til Bømløbedrifter. -Trykket er 4150 bar, trykket i dekket på

bilen din er til samalikning om lag 2,5 bar! Så vatnet har det travelt med å komma seg ut det vesle holet, det har ein fart på rundt 4000 meter i sekundet!

Skjer gjennom nær sagt alt

Ein slik vassstråle er spesielt godt eigna til å kutta opp lette produkt som til dømes silkepapir, papirbleier, fiberglas og isolasjonsmaterialar. Då kan ein leggja tynne materialar i stablar og skjæra gjennom. Også tynne metallplater kan skjærast, men om ein skal skjæra i tjukkare metall må vass-strålen tilsetjast fin sand.

Strålen kan då skjæra gjennom og maskinera stein, metall, glas, gummi og plast i opp til 25 cm tjukkelse.

Kvifor nytta vass-skjæring?

Samenlikna med konvensjonell skjæring og maskinering utmerker vass-stråleskjæring seg ved at arbeidsstykket verken blir tilført

«Det meste av det me no sel ut i verda er utvikla og bygd her lokalt»

Ståle Stavland
Produktleiar Zinus AS



Det er kraftige dimensjonar over Shore Power Cruiser, høgspenst landstram for cruise-skip.

restspenningar eller varme som kan påverka eigenskapane til materialet.

Industrieventyret Zinus Shore Power

starta med utspring i LOS Gruppen i 2018 og har på få år auka frå 3 til over 20 tilsette. Etter fleire år med utvikling av produkt har dei no stor suksess både innanlands og ute i verda med landsstrams- og lade-

løysingar for skip. Verksemda har administrasjon og produksjon i Rubbestadneset.

Ståle Stavland viser fram litt av det ein finn inni eit av produkta dei leverer. - Som du ser er det mange delar inni, og mykje er tilskorne og bukka plater. Det varierer litt kva metode dei er skorne ut med, men vass-skjering er vanleg å nytta, fortel Ståle. - Nett no er det folk i Amsterdam for å få på plass ladeløysingar for fire båtar.

Lokal innovasjon

Produkta til Zinus er blitt til av lokale idear som så er utvikla til produkt som no blir selde ut i Norge og resten av verda. Sentralt i dette arbeidet har teknisk sjef Finn Inge Langeland vore. På nokre pro-

dukt har Eivind Hope vore involvert med å utvikla det mekaniske. Han driv blikkerslagerverkstad i Rubbestadneset i tillegg til at han bidrar med automasjonsløysingar med sin breie kompetanse. Han er dessutan husvert for Zinus i det nye bygget der administrasjonen ligg.

Spennande framtid

- Det blir spennande framover, seier Ståle Stavland. - Me jobbar på og løyser utfordringar, utviklar og leverer. Mykje flinke folk står på, og me har interessante forespørslar frå både Europa og t.d. Canada, men enno har me levert mest til norske kundar, avsluttar Stavland.

Inni landstramsanlegga ligg det mykje mekanikk som automatisk gjer jobben når ei ferje t.d. skal koplust til ladestasjonen ved kai.



Hos Skeisvoll & Co. på Karmøy skjer dei ut metalldelar med ein syltynn vass-stråle i denne maskina.





Dei røynde driftsoperatørane Svein Arild Madsen og Ove Andé Vedøy i BVA sørger for at avløpa fungerer som dei skal.

God kontroll på avløp bidrar til godt drikkevatt!

Avløpssystemet er ein viktig del av samfunnet sin infrastruktur på lik linje med vassforsyning og avfallshandtering.

Gode avløpsløyser som avgrensar forureining frå avløpsvatt betyr mykje for både miljøtilstanden i økosystema og helsa vår, velvære og høve til å nytta vassforekomstar til drikkevatt eller rekreasjon.

Me bur så ulikt

Folk i Norge, og ellers i verda, bur svært ulikt. Nokon av oss bur på landsbygda og andre i tett befolka byar. Difor er avløpssystema også forskjellige og dimensjonerte etter kor mange og tett folk bur. I Bømlo har me 18 ulike reinseanlegg for avløp spreidde rundt på øya. 17 av dei representerer kvar mellom ein halv og sju prosent av den samla slammengda i kommunen, medan den siste handterer heile 55,4 %. Det er kloakkpumppeanlegget på Nesse.

Korleis forureinar avløpsvatt?

Avløpsvatt kan både vera sanitært avløpsvatt som er påverka av menneskeskapte

prosessar frå hushaldningar, prosessvatt frå industri og vatt fra overflateavrenning (overvatt). Avløpsvatt har et høgt innhald av næringsalter og organisk materiale, men kan og innehalda eit vidt spekter av annan type forureining avhengig av kvar det kjem frå.

Avløpsvatt har et høgt innhald av næringsalter og organisk materiale

Næringsalt og organiske stoff kan føra til overgjødning og endring av tilstanden i vatt, og påverke algevekst og oksygentilhøva for plante- og dyreliv. Det er knytt streng regulering til utslepp av sanitært avløpsvatt i

Norge gjennom forurensningsforskriften.

Slik fungerer reinsing

Kloakkreinsing omfattar reinseprosessar i tre hovedgrupper: mekanisk reinsing, biologisk reinsing og kjemisk reinsing.

Mekanisk reinsing skjer i såkalla sedimenteringsbasseng. Der søkk større partiklar i kloakkvatnet til botn for så å bli skrapet/pumpa ut som slam. Totalt blei det i 2020

tatt ut 833 tonn slam i Bømlo. Slammet frå Bømlo blir handtert vidare av SIM.

Biologisk reinsing vil sei at organisk forureining blir broten ned av vatnet eller avløpet sine egne bakterier. For å hjelpe desse bakteriane tilfører ein gjerne oksygen til vatnet.

Kjemisk felling går ut på at ein tilset salt av aluminium, jern eller kalsium i kloakkvatnet. Ved omrøring skil det seg ut partiklar som dett til botnen i sedimenteringsbasseng.

Kjelde: Miljødirektoratet og norskvann.no



Foto: SYNLEGG | Vegard Røstland

Meir enn halvparten av alt avløp i Bømlo går gjennom dette reinseanlegget på Nesse. Herifrå blei det i 2020 tatt ut 460 tonn slam.



Det kan gøyma seg store mengder ferskvatt utanfor Lofotkysten, på havsens botn. Datomerking; pakka for 20.000 år sida!

Ferskvatt på havbotnen!

Det er ikkje berre olje ein kan finna i havbotnen. På jakt etter metanutslepp ved kysten av Lofoten fann forskarar 20.000 år gammalt ferskvatt!

Forskarane frå Norges geologiske undersøking (NGU) gjorde sommaren 2019 eit stort funn av ferskvatt i ei lomme i Norskehavet. – Ferskvatnet blei oppdaga på om lag 800 meters djup, i to smale dalkløfter på kontinentalsokkelen utanfor Lofoten. – Ferskvatnet lak ut frå havbotnen. Det var svært overraskande, fortalde ein av forskarane til NRK. Funnet tyder på at Norge kan ha fleire store lommer, eller akvifer, med ferskvatt skjult under sediment på havbotnen.

Frå istida

Fenomenet har truleg oppstått under siste istid for 20.000 år sidan. Den tjukke iskappa som låg over Norge pressa jordskorpa ned med eit voldsomt trykk og tvinga store mengder smeltevatt gjennom sprikker på havbotnen. Lomma skal ligga om lag 1000 meter under havbotnen, men ein veit ikkje akkurat kor stor ho er.

Gigantfunn ved USA sin nordkyst

Utanfor kysten mellom New Jersey og Massachusetts er det også funne ferskt vatt

på havbotnen, og er her mengdene store. Minst 2.800 billionar liter, meiner forskarane det innheld. Det er nok til å fylla 1,1 milliard symjebasseng av olympisk storleik. Her blei vasslommene oppdaga i samband med boring etter olje.

Ressurs for verda?

Funna i Norge og USA inneber at det kan finnast slike ferskvasslommer også andre stader i verda. Dei kan bli ein mogleg ressurs i områder der det manglar drikkevatt på land. Vatnet må likevel avsaltast sidan det har noko meir saltinnhald enn ferskvatnet me finn på landjorda.

Kjelde: NRK og Norges Geologiske undersøking

Kan me drikka vatt rett frå naturen?

Tradisjonelt har me i Norge vore vant til å kunna drikka vatt «overall». På grunn av aktivitet frå dyr, fuglar og menneske vil det alltid vera ein viss risiko knytt til å drikka vatt rett frå naturen. På stader der det ikkje er bebyggelse, beiting i nedbørsfeltet eller vesentleg fugleaktivitet ved vatnet kan ein som regel drikka vatnet utan større risiko. Grunnvatt (kjelder, «oppkommer») og innsjøar er under elles like forhold å føretrekka. Om ein har svekka immunforsvar eller om det er smågnagarår, bør ein vera spesielt forsiktig med å drikka vatt direkte frå naturen.

I nokre sjeldne tilfelle kan algeoppblomstring føra til at blir produsert giftstoff som gjer at vatnet er farlig å drikka. Det har skjedd akutt forgiftning av kveg. I slike tilfelle vil vatnet sjå uappetittleg og tydelig forureina ut.

Kjelde: Norsk Vann



Vassmangel kjelde til konflikt

Sjølv om 70% av overflata på jorda er dekket av vatt er berre 3% ferskvatt og to tredjedelar av dette er massiv is langs polane og isbrear.

Samstundes er det mange stader i verda enorm folkevekst i storbyane. Det gjer at vatt som livsviktig ressurs har ført til ei mengde konflikter og kriger, og til og med nytta som strategisk pressmiddel.

I Afrika sør for Sahara var det mellom 1980 og 2005 heile 21 borgerkrigar. I 16 av desse var tilgang på vatt ei medverkande årsak til konflikt og hovedårsaka i fem. Eit anna døme er grensa mellom India og Pakistan, der Kashmirområdet med viktige vass-ressursar er kjelde til konflikt.

Tilgang på vatt har vore hovedårsaka til heile 367 kriger og ei medverkande årsak i 551 kriger dei siste 5000 årene!

Kjelde: Folk og forsvar



Trekansambandet som blei opna for tjuve år sidan endra mykje for oss som bur på Bømlo! - Veg- og bruprosjekt fører gjerne til endringar i busetnad og med det planar for infrastruktur.

Etterpåklokskap i forkant - eller planlegging

«Alle er kloke. Noen før og noen etterpå.» - Det skal den ordkyndige presten Karsten Isaksen ha sagt. - Hovudplan for vatn og avløp er meint å vera klokke før, seier dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker.

Vatn- og avløpssystem er forskjellige etter kva kommune du ser på og dimensjonerte etter kor mange og kor tett folk bur.

Det er eit heilt system av planar for utviklinga av samfunnet vårt, både overordna og delplanar. Plan- og bygningslova pålegg kommunane å ha planar for vegar, bustadområder, hamner, industriområder osv. Bømlo held no på med ny arealdel av kommuneplanen etter at samfunnsdelen blei vedtatt i 2019.

Vatn og avløpsplan

Så er det også starta opp ein ny kommunedelplan som heiter «Hovudplan for vatn

og avløp» for Bømlo kommune.

Det er avgjerande for ein kommune i utvikling å ha gode planar, og at dei heng saman. Slik at når busetnaden aukar i eit område er det på plass nok kapasitet på alle område, også når det gjeld vatn og avløp.

Langsiktig plan

– Det er lange perspektiv i «Hovudplan for vatn og avløp», 30 år. Den forrige planen omfatta åra 2016-2045. Så endrar rammevilkåra seg og dermed grunnlaget for tiltaka og investeringsprogrammet i planen. Difor er det behov for ein revisjon av denne planen, seier Audun

Halleraker. – Og sidan planen inneber store investeringar må han vera best mogleg gjennomtenkt og ha lang tidshorisont.

Samspel i lokalsamfunnet

Planarbeid er viktig for godt samspel mel-



lom ulike aktørar i lokalsamfunnet. – Oppstart av dette planarbeidet blei annonsert

i april og det kjem no mange innspel til planen, fortel Audun Halleraker. – Det er svært positivt og nødvendig for at planen skal bli best mogleg. Me ynskjer denne gongen ein plan som har mindre

omfang og er lettare å lesa og forstå.

Innhaldet i planen er konkret

Hovudplan for vatn og avløp ser på bakgrunnen for det ein planlegg og set opp målsettingar for vassforsyning og avløp. Han ser på befolkningsutviklinga og behova for dimensjonering av anlegg i framtida. Endeleg innhald planen investeringstiltak og gebyrutvikling.

– Me prøver å finna ut korleis utviklinga går og korleis me best mogleg skal bruka ressursane fornuftig. Me ynskjer ei god samfunnsutvikling og at kundane skal få eit best mogleg produkt til rett pris, avsluttar Halleraker.



Illustrasjon: SYNLEGG | Magne Raknes

Dersom me tappa produksjonen til BVA i einliterskartongar og sette dei etter kvarandre ville dei rekka om lag tre gongar rundt jorda ved ekvator!

Sløsing med vatn får konsekvensar for klima og miljø!

Pleier du å la vatnet renna når du pussar tennene eller trykker på den store knappen på do når du berre har tissa?

I tilfelle er du ikkje åleine. Nordmenn brukar mest dobbelt så mykje vatn som danskane. Me brukar i gjennomsnitt 180 liter i døgeret medan i Danmark er forbruket ned mot 100 liter. Jo, men har me ikkje meir enn nok vatn i Norge?

Vassproduksjon krev energi

Jo, me har eigentleg god tilgang til vatn i Norge, og på Bømlo. Det me gjerne kan tenke over likevel er at vatnet me brukar kvar dag ligg det mykje arbeid bak. Eller for å sei det på ein annan måte krev det både energi og transport for at me skal ha godt vatn i springen.

Først må vatnet pumpast frå vasskjelda, hos oss er det frå eit av drikkevattna. Så skal det reinsast i eit av reinseanlegga våre før det blir pumpa vidare opp til eit av høgdebassenga eller til bustader/bedrifter der det blir brukt. I løpet av fjoråret blei det

i kommunen vår produsert 1.630.000.000 liter vatn, eller 1,6 milliard liter. Mengda vatn som blir produsert kvart år varierer noko frå år til år.

Avløp er også energikrevjande

Når vatnet frå bustaden din forlet huset blandar det seg med matrestar, sjampo, vaskemiddel og ikkje minst det som kjem frå toalettet. For å fjerna desse stoffa går det gjennom ein omfattande reinseprosess som du kan lesa litt meir om på side 8. Jo meir me sløser med vatnet, dess meir energi går det med til å reinsa det før det kan sleppast i havet.

Det finns ikkje ferske tal men i 2014 brukte norske kommunar meir enn 400 million kroner på straum til vatn og avløp, meir enn 10% av det totale straumforbruket til kommunane.

Til ettertanke

Så kanskje det er greit å tenkja på at om me alle er litt meir bevisste når me brukar vatn. Mange bekkar små osv.

Så kan me jo sjå om me kan by danskane litt konkurranse, ein liten landskamp?



Vannvittig :-)

To gutar var sendt til rektor sitt kontor. Han spurte den eine guten: -Kva galt har du gjort? -Eg har berre kasta stein i vatnet, eg... Så spurte rektoren den andre guten: -Kva har du gjort, då? -Det er eg som er Stein...




BØMLO VATN OG AVLØP

Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdaalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45

Retur:
Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214
5445 Bremnes



SYNLEGG

Foto: SYNLEGG | Magne Raknes



friskt

Kva med Iréns lasagne og fin utsikt ned på Storavatnet?